

1. Innleiing

Rådmannen legg med dette fram handlingsprogrammet frå avdelingane, verbaldel og tal-del.

Handlingsprogrammet er noko prega av at det ikkje vart utarbeidd eit fullstendig handlingsprogram for åra etter 2012, ei heller eit fullstendig dokument for korkje Budsjett 2012 eller Økonomiplan 2012 – 2015. Dermed blir det mykje lesing for og sjå kva som vart meint prioritert lenger ut i planperioden. Uansett syner revidert Budsjett 2012 at handlefridomen er særst avgrensa. Gol kommune sin reviderte budsjett for 2012 syner faktisk eit negativt netto driftsresultat på om lag 4,1 mill. NOK. Det skulle ha vore nærare 11 mill. kr. med positivt forteikn, om ein skulle nå eit måltal som er sett frå staten si side (3 % av driftsinntektene). Gol kommune har ikkje vedteke noko tilsvarande måltall. Det må ein gjere for å realisere Hallingmoprojektet.

Arbeidet med handlingsprogrammet starta med budsjettdirektivet frå rådmannen som vart sendt ut 21.6.2012. Før dette hadde det vore ein budsjettkonferanse for Kommunestyret 29. mai der ein del skisser frå Regjeringa vart orientert om. Vidare vart det teke opp sentrale signal, lokale element som kraftinntekter, lånegjeld og låneutgifter, utvikling i løn og volumauke i tenestenivået.

Avdelingane vart invitert til å legge fram negative driftstiltak, men det er ikkje komne forslag. Negative driftstiltak kan lette det politiske arbeidet med å omprioritere innafor knappe ressursar. Dette er ei normal problemstilling i dei fleste verksemdar; ein vil gjerne behalde dei tiltaka ein har satt i gong – det er meir smertefullt å ta vekk eit tilbod enn å tildele eit nytt. Men samstundes er dette einaste måten å få til nye tiltak.

Gol kommune har ikkje rullert samfunnsdelen av kommuneplan og difor blir den som vart vedteke i 2009 referert til i dette dokument. Samstundes er det gitt klare føringar både i førre handlingsprogram og økonomiplan om kva som Gol kommune har som mål i perioden vi er inne i. Det store løftet er meint og vere «Hallingmoprojektet» og aller fyrst «steg 1 – ny skule 6 – 10 – klasse». For å få til eit slikt løft må ein vere viljug til å ta vekk nokre tilbod eller i beste fall gjere nokre av dei prioriterte tenestene meir ressurseffektivt.

I framlegget til nye tiltak er det frå avdelingane føreslege tiltak med ein årsverknad på 15 – 20 millionar kroner årleg utover i perioden. Dette er pengar ein ikkje har frå før – kan hende er problemstillinga meir at ein må spare utgifter tilsvarande det ein ynskjer seg av nye tiltak. Då er det eit misforhold mellom ynskjer og realiteter på 30 – 40 millionar kroner – dvs. om lag 8 - 12 % av driftsbudsjettet. Det er faktisk ikkje så mykje omprioriteringar.

Rådmannen forsøker også å legge handlingsprogrammet noko annleis enn tidlegare. Målet er å få til ein klarare samanheng mellom dei forskjellige planane og styringsdokument og kan hende betre målstyring for vår verksemd.